



# Klubbhandbok for Dale IL

Vedtatt xxxx 2019

## INNLEIING

Representantar frå styra i særgruppene i laget har gjeve hovudstyre mandat til å utarbeide klubbhandbok for laget. Bakgrunnen er at ein har ein så stor auke i aktiviteten at det er nødvendig å ha overordna mål og verdiar som heile laget skal forhalde seg til, anten ein er medlem, aktiv, trenar eller på anna vis er ein del av idretten i Dale IL.

Klubbdagboka skal vere tilgjengeleg for medlemmer og innehalde relevant og viktig informasjon vedkomande organisering og aktivitet i laget.

Klubbdagboka skal forankrast ned til kvart ledd i Dale IL. I utarbeidingsprosessen skal denne ut til høyring i alle gruppene og leggast tilgjengeleg på nett slik at medlemmane har høve til gje si tilbakemelding.

For å sikre ei dynamisk dagbok så vil det vere styret som til ei kvar tid kan vedta endringar. Ein må også syte for nødvendig informasjon til særgruppene og samarbeide tett med desse.

## BAKGRUNN

### **Dale Idrettslag vart skipa 24. juni 1926.**

Første aktiviteten i laget var friidrett og ein dreiv kun med dette fram til 1937. då vart Dale IL fotball etablert under laget. Seinare har ein etablert aktivitetane etter kvart som engasjement og eldsjeler har kom til. I 2018 er det aktivitet innan friidrett, badminton, volleyball, ski, handball, fotball, sykkel og barneidrett.

Dale IL er eit fleiridrettslag som er medlem i Norges Idrettsforbund (NIF). Laget sin aktivitet er er styrt av reglar og retninglinjer utarbeidd av NIF og særforbunda underlagt NIF.

Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Laget har i 2018 715 medlemmer fordelt på støtte-medlemmer og aktive medlemmer.

## VISJON

**DALE IL AKTIVERER FLEST MOGELEG LENGST MOGELEG.**



## VERDIGRUNNLAG



Det er viktig at alle oppfatar og lojalt sluttar seg til ei felles målsetting for aktiviteten i laget, og at alle arbeider etter dei same grunnprinsippa. Først då er vi med på å utvikle glade, harmoniske ungar som trivast med lek og fysisk aktivitet, som utviklar sjølvtilitt og kreativitet og som opptrer som positive personar i det sosiale miljøet.

Dale IL skal vere prega av følgjande kjerneverdier:

**Frivillig innsats.**

All styring og leiing av aktivitet er mest mogeleg tufta på frivillig innsats

### **Demokrati**

Mål, strategiar og handlingsplanar er utarbeidd i felleskap og godkjente av fellesskapet sine organ.

### **Lojalitet**

Alle må vere lojale til dei mål og verdiar som gjeld for laget

### **Likeverd.**

Alle er like viktige uavhengig av kjønn, etnisitet, religion eller sosial bakgrunn

All idrettsleg aktivitet skal vere prega av desse verdiane:

### **Idrettsglede**



Alle aktive skal føle meistring og bli behandla individuelt slik at kvar og ein ønskjer vere med på aktivitetane. Trenarar og oppmenn skal motivere og sjå den enkelte slik at ein opplever det som kjekt, og ynskjer å vere ein del av Daleidretten.

### **Fellesskap**

Alle skal føle tilhøyre og at ein blir inkludert og er at alle er like viktige.

### **Helse**

Vi skal arbeide for at flest mogeleg er aktive lengst mogeleg ved å ha god brede og variasjon i aktivitetane. Vi må samarbeide på tvers i laget og legge til rette for at det er mogeleg å vere med på fleire aktivitetar og ikkje minst ha tilgang på lågterskelaktivitet.

### **Ærlegdom**

Det må vere samvar mellom ord og handling.

## **GRUNNPRINSIPP FOR ALL AKTIVITET**

- Idrettslaget skal:
  - Sørge for at alle opplever meistring, glede, felleskap og ærlegdom.
  - Syte for at så mange som mogeleg er aktive lengst mogeleg.
  - Gje særgruppene gode vilkår for å drive sin aktivitet.
- Trenarane våre skal:
  - Vere gode rollemodellar
  - Skape høve til å utvikle individuelle talent og meistringsbehov hos utøvarane

- Lære utøvarane å opptre med respekt overfor dommarar og konkurrentar
- Lære utøvarane å opptre med respekt overfor medspelarar og andre idrettar internt i laget.
- Halde meir fokus på meistring enn prestasjon

### **Grunnprinsipp for dei lågaste aldersstega 0-12 år**

NIF « Idrettens barnerettigheter – bestemmelsar om barneidrett» skal leggest til grunn for all aktivitet for denne aldersgruppa.

- Alle skal ha moglegheit for variasjon, øving og samspel med andre.
- Felles utviklingsplan for aldersgruppa 0-6, 7-9, 10-12 (utarbeidast av sportslege utval og ansvarlege for aktivitetane)
- Aktiviteten skal vere prega av trygghet, venskap og trivsel, meistring og friheit til å velge både aktivitet og mengde trening.
- Inkludering av alle uavhengig av bakgrunn

### **Grunnprinsipp for øvrige alderssteg**

- Særgruppene legg til rette for aktivitet i sine sportsplanar
- Legge til rette for og motivere til deltaking i fleire aktivitetar

## **GENERELT FOR LAGIDRETTAR i aldersbestemt idrett HAR VI FØLGJANDE RETNINGSLINJER**

- Alle spelarar skal i utgangspunktet settast opp med like mange kampar i løpet av sesongen, men det kan takast omsyn til treningsframmøte og treningsinnsats.
- Spelarar skal få prøve seg i ulike posisjonar
- Gje lik speletid til alle
- Om ein skal nytte faste lag i cup- og seriespel, skal vi prøve å sette desse i hop på ein slik måte at laga blir så jamne som mogleg.
- Topping av lag, på den måten at ein nyttar dei beste spelarane oftare enn andre, skal ikkje skje.

## **GENERELT FOR ØVRIGE LAGIDRETTAR i DALE IL HAR VI FØLGJANDE RETNINGSLINJER**

### **Trenarane**

- Trenarane skal møte førebudde og i god tid før oppmøtetid.
- Dei skal vere gode rollemodellar
- Dei skal medverke til positiv stemning på trening og kamp gjennom å gje ros og konstruktive tilbakemeldingar.
- Dei skal lære utøvarane respekt og toleranse overfor medspelarar, dommarar og lag ein møter.

### Utøvarane

- Respekter dommarene og trenarane sine avgjerder.
- Vis god folkeskikk, alltid! Banning og mobbing er ikkje akseptert.
- Vis lojalitet til klubben og laget ditt
- Ta del i fellesoppgåver med ei positiv innstilling
- Vise respekt for trenar, medspelarar og vere ein god kompis

### Foreldre



***"Det handlar om respekt, ikkje sant?"***

- Møt opp på trening og kampar – borna ynskjer det
- Gje oppmuntring til alle spelarane under kamp. Ikkje berre dine egne born.
- Gje oppmuntring i både medgang og motgang – ikkje gje kritikk
- Hjelp barnet ditt til å tåle både seier og tap
- Støtt dommarene – ikkje kritiser dommaravgjersler
- Respekter lagleiar sin bruk av spelarar
- Vis respekt for det arbeidet klubben gjer – tilby din hjelp
- Hugs at det er barnet ditt som er aktiv – ikkje du

## DALE IL Særgrupper

Presentasjon av dei enkelte særgrupper og deira sportslege planar og årshjul.


Dale IL har mange medlemmer og stor aktivitet i ulike særgrupper. Variasjonen er stor både når det gjeld ambisjonar og målsetting for dei enkelte idrettane. Under kan du finne sportsplanar og aktivitetsplanar som er styrande for dei enkelte gruppene.

- Dale IL -Fotball ( [Sportsplan](#) )
- Dale IL- Handball ( <http://daleidrettslag.no/wp-content/uploads/2010/09/17-0924-handbok-for-handballen-ver-5.0.pdf> pr. 09.03.2017)
- Dale IL- Sykkel (Årsmelding ligg til grunn for aktivitet)
- Dale IL- Allidrett (Årsmelding ligg til grunn for aktivitet)
- Dale IL -Turgruppe (Årsmelding ligg til grunn for aktivitet)
- Dale IL – Volleyball( årsmelding ligg til grunn for aktivitet)
- Dale IL- Badminton (årsmelding 2017 ligg til grunn for aktivitet)
- Dale IL -skigruppa (Årsmelding ligg til grunn for aktivitet)



## ORGANISASJON – Ansvar, roller og oppgaver

Måned	Liten	Tydeleg	Liten	Øndag	Stor	Liten	Torsdag	Liten	Freitag
Februar	61006	Håndball Dale VGS	Dale VGS						
Februar	61007								
Februar	61008								
Mars	611/612	Håndball	612/613	Håndball	612/613	Håndball	612/613	Håndball	612/613
April	614	Håndball	614	Håndball	614	Håndball	614	Håndball	614
Mai	615	Håndball	615	Håndball	615	Håndball	615	Håndball	615
Juni	616	Håndball	616	Håndball	616	Håndball	616	Håndball	616
Juli	617	Håndball	617	Håndball	617	Håndball	617	Håndball	617
August	618	Håndball	618	Håndball	618	Håndball	618	Håndball	618
September	619	Håndball	619	Håndball	619	Håndball	619	Håndball	619
Oktober	620	Håndball	620	Håndball	620	Håndball	620	Håndball	620
November	621	Håndball	621	Håndball	621	Håndball	621	Håndball	621
Desember	622	Håndball	622	Håndball	622	Håndball	622	Håndball	622



Dale IL er ein medlemsorganisasjon og idrettslaget sitt øvste organ er årsmøte.

Dale IL har som mål å skape føreseielege vilkår for alle som har ei rolle i organisasjonen gjennom å tydeleggjere ansvar og mynde.

Organisasjonskart med kontaktpersonar skal gjerast tilgjengeleg på nettsidene

### Ein legg til grunn fylgjande:

- Organisering med enkle rapporteringslinjer og tydeleg ansvar, slik at avgjersler kan takast på lågast mogeleg nivå. Dette for å unngå for mange møter og møter der alle skal meine noko om alt.
- Gode rolleskildringar som seier kva som vert forventa av den enkelte. Dette for å skape tryggleik for den som tek på seg ei rolle.
- Arbeid spreidd på fleire slik at vi ikkje slit ut eldskjeler
- Årshjul som hjelp og styring til dei som har ulike roller.

### HOVDUSTYRET

Hovudstyret har det overordna ansvaret for all idrettsleg aktivitet, alle arrangement og eidedelar. Hovudstyret skal sikre gode rammevilkår for aktivitet og vere bindeledd mellom gruppene.

I tillegg til hovudstyret skal alle gruppeleiarane kunne møte på styremøte med tale og innspelsrett.

Leiar har høve til å delta på styrenivå i undergruppene.

### ANDRE SAMARBEIDANDE ORGAN

#### Samarbeidssutval:

Utvalet har som hovudoppgåve å koordinere samspel mellom aktivitetane.

- Syte for at overordna retningslinjer vert haldt ved overgang mellom sesongar for lagidrettane.
- Syte for gode avtaler som gir utøvarar motivasjon og trygghet for å delta i fleire idrettar.
- Syte for at alle grupper vert ivaretatt på best mogeleg måte i forhold til fordeling av treningstid i anlegga.
- Arbeide for ordningar som gjer at ferrast mogeleg fell frå i idretten

Utvalet skal settast i hop av aktivitetseiarar i gruppene og ein frå hovudstyret.

### **Prosjekt**

Større utviklingstiltak i laget som ikkje ligg til sportslege aktiviteten skal organiserast som prosjekt med tidsavgrensa rammer. Desse skal forankrast i årsmøtet.

### **ANLEGG**

Dingemoen idrettspark (Fjalerhallen, kunstgrasbana og grasbana med tilliggande områder) er eigd av Fjaler kommune og det er inngått avtale om drift av denne med Dale IL gjennom Dingemoen **Idrettspark AS**. Avtalen regulerer ansvar for drift, utleige og vedlikehald av anlegga.

### **Treningstid i innandørs anlegg**

Det er utarbeida retningslinjer for tildeling av treningstid i Fjalerhallen og Dingemoen skule. Tildeling blir vedtatt av Fjaler Idrettsråd.

### **HANDLINGSPLAN**

Som vedlegg til klubbhandboka utarbeider Dale IL ein handlingsplan der hovudmålsettingane for gjeldande periode er presenterte.

Handlingsplan skal vedtakast på årsmøtet og gjelde for 2 år om gangen.

Kvar særgruppe har ansvar for å utarbeide sportsplanar for eiga gruppe. Desse skal spegla dei overordna føringane som er lagde gjennom klubbhandboka og laget sin Strategi- og handlingsplan. Dessa skal godkjennast av hovudstyret.

### **MEDLEMSKAP**

Alle aktive, deltakarar og ressurspersonar skal vere medlemmer i laget. Vi oppfordrer også foreldre til å vere støttemedlemmer.

Kontingent blir fastsett av årsmøtet

Trenings- og aktivitetsavgifter vert fastsett av hovudlag og særgrupper. Øvre grense for avgiftenen vert fastsett av årsmøtet.

Gjeldande satsar for kontingent, trenings – og aktivitetsavgift skal vere tilgjengeleg for aktive og medlemmer på nettsida.

### **ØKONOMI**

Dale IL har utarbeid eiga Økonomihandbok. Denne skal reviderast etter behov og vedtakast i styret.

## LOVER, REGLAR OG RETNINGSLINJER

All aktivitet i DALE IL skal drivast med grunnla i NIF sine lover og reglar, i tillegg til lover og reglar for særforbund tilslutta NIF

[Lov for Dale IL: vedatt 23.03 2017, godkjendt av Sogn og fjordane Idrettskrins 30.05.2017](#)

[Norges Idrettsforbund: Retningslinjer](#)

[Norge idrettsforbund: Lover og reglar](#)

Barneidrettsbestemmelsane

### DOKUMENTOVERSIKT

Årsmelding- Vedtatt dokument leggest synleg på nettsida til Dale IL

Årsrekneskap- Godkjendt årsrekneskap gjerast tilgjengeleg for medlemmer

Politiattest: <https://www.idrettsforbundet.no/klubbguiden/politiattest/>

- Denne skal visast til ansvarleg person i Dale IL – Pr. 2018 Bjørn Helge Hjartholm

Samtykkeskjema for publisering av bilder: Gruppene må sjølv innhente løyve til å dele bilder.

### GDPR:

Dale IL er underlagt NIF og det er utarbeida felles mal for å ivareta personvernet i idrettslag. Dale IL skal til ei kvar tid ha på plass rutiner som stettar kravet i forodninga.

### Gjeldande køyresatsar (vedtatt 2017)

Askvoll, Gaular, Hyllestad	50
Kyrkjebø, Lavik, Vadheim, Viksdalen, Kvammen	75
Førde, Atløy, Høyanger	100
Vassenden, Bulandet, Eikefjorden, Skei	125
Flora, Breim	150
Sandane, Innvik, Svelgen	175
Eid, Haugen, Måløy, Selje, Sogndal, Stryn, Årdal, Bergen, Gaupne	225

- Eventuelle ferjebilletter og bompengar er inkludert i prisen.
- **Makspris = kr. 225,-**

### AVVIKSHANDTERING – Gje beskjed!

Avvik frå klubbhandboka skal handterast på lågast mogeleg nivå. Om ein ikkje oppnår løysing så går ei vidare i hierarkiet.



1. Aktiv/føresett til trenar
2. Trenar til Sportsleg utval
3. Sportsleg utval til eige styre
4. Styre i gruppene til hovudstyret.

Om ein ikkje når gjennom og opplever å bli tatt på alvor så kan avvik meldast til neste ledd i hierarkiet.

Er der avvik som gjeld samarbeid mellom aktivitetane skal dette takast opp i samarbeidsutvalet for løysing der.

Hovudstyret vil vere siste instans og har overordna mynde til å avgjere saker.